

# JORDLEIGEAVTALE

Mellom Sameige Skjelnes, eigar av 17171 – 5 - 23 OG 32 I Kvinnherad, og Lillian Åkre som brukar av gnr 166 bnr 2

er inngått fyljande avtale:

## 1. OMFANG

Sameige Skjelnes, heretter kalla eigar, leiger til Lillian Åkre, heretter kalla leigar, innmarksarealet og beiteareal på eigendommen Skjelnes, gnr 171, bnr 01, og 05

Arealstorleik:	Fulldyrka	60 da
	Gjødsla beite og anna areal	30 da

Leigearealet er innteikna på kart jamfør foregående avtale som er en del av avtalen.

I tillegg skal leigar ha høve til å nytta driftsbyggnad inkl. silo. Her er silotalje og anna utstyr som også kan nyttast, men alt som må til av vedlikehold og reparasjoner må leigar kosta.

Jaktretten er ikke med i denne avtalen, og eigar rår over denne retten sjølv.

## 2. AVTALELENGD

Avtalen skal vara frå 2016 og i 5 år til 01. september 2021.

Leigaren kan likevel, med ett års varsel, se opp avtalen dersom drifta på hans eiendom vert nedlagt eller vert monaleg redusert. Eigar har samme anledning til å sei opp avtalen med like fristar, dersom utleigar sine interesser endrar seg.

## 3. TILSTAND

Leigar overtek jord, gjerder og vegar i den stand som dei er når avtalen trer i kraft. Når leieavtalen opphører skal areala med vegar og gjerder tilbakeleverast til eigar i like god stand som ved tiltredinga.

## 4. BRUK

Leigeareala skal nyttast til jordbruksareal og drivast på jordbruksmessig forsvarlig måte. For å driva dei areala som avtalen omfatar, har leigar rett til å bruka eksisterande drifts- og transportvegar. Slitasje og skade som leigar påfører vegane må han utbetra sjølv. Leigar skal setja opp og vedlikehalda dei gjerder som er avmerka på kartet, eller som han treng for si drift. Leigeareala og driftsbygningar, herunder areal nytta til husdyr, må ha rutinar for orden og reinhald, dette i daglig drift og periodisk.

Alle offentlige tillskot som fyljer med bruk og drift av areala, tilfell leigar.

## 5. LEIGEAVGIFT

Ved oppstart av leigeavtalen i 2011 og for perioden 2011-2014, skulle det ikke betalast leigeavgift. Som motsvar på ingen leieavgift skulle leigar halda fram med å opparbeide jorda med grøfter og leidningar. Leigar skulle kosta nødvendig arbeid manuelt og maskinelt, mens eigar skulle halda grøftemateriell som røyre og singel.

Gjenstående arbeid som partane er einige i må gjennomførast, skal utførast med hjemmel i at leieavgift ikke er betalt for perioden 2011-2014. Leigar skal kosta nødvendig arbeid manuelt og maskinelt, mens eigar skal halda grøftemateriell som røyler og singel.

Leieavgift pr. år for denne avtale sin avtaleperiode – 2016 – 2021 – er kr.5.000,00. Beløpet skal betalast kvart år innen utløp av august månad.

Pr. juni kvart år skal partane gå gjennom denne avtale sine plikter og rettigheter for leier og eigar samt drøfta størrelsen på leiga. Ein eventuell endring vil då gjelda frå

1. september same år.

#### **6. MJØLKEKVOTE**

Dersom nye/endra forskrifter om kvoteordning for mjølk gjev høve til å aktivisera mjølkekvoten som har høyrd til garden, vil partane drøfta saka om eventuelt å utarbeide ein tilleggsavtale til denne avtale.

#### **7. FRAMLEIGE**

Framleige er ikkje tillate utan samtykje frå eigar.

#### **8. EIGARSKIFTE**

Dersom det i avtaleperioden vert eigarskifte, trer den nye eigaren inn i avtalen med same rettar og plikter som den tidligare eigaren.

Ved brukarskifte på leigar sin eigendom, skal den nye brukar ha rett til å tre inn i avtalen på same vilkår.

#### **9. MISLIGHALD**

Vesentlig mislighald av denne avtalens ordlyd gjev partane rett til å krevja leigetilhøvet heva. Som vesentlig mislighald vert regna f eks at leieavgifta ikke er betalt 6 mnd etter frist eller at jorda vanskjøttast

#### **10. TVIST**

Tvist eller tvil av denne avtale si forståing skal avgjerast av ei voldgiftnemnd som består av 3 personar. Kvar av partane oppnemner ein person og desse to oppnemner ein tredje som skal leia nemnda. Dersom representantane ikkje vert samde om val av leiar skal leiaren oppnemnast av sorenskrivaren. Kostnadene med voldgift skal fordelast av memnda.

Før tvisten vert bringa inn for voldgiftsnemnda skal den framleggjast for kommunen som kan freista med megling.


**11. ANNA**

Partane oppbevarer kvar sin kopi av denne avtalen. Eit tredje kopi kan oppbevarast hjå kommunen. Avtalen kan tinglysast og utgiftene til tinglysning skal berast av eigar.

Oslo, 13.september 2016

Varalsdøy, .....

  
.....  
Eigar/utleigar

  
.....  
leigar

